



Notat

Dato: 16.10.2015
Arkivsak: 2014/23406-3
Saksbehandlar: sisover

Til:	Opplærings- og helseutvalet Fylkestinget
Frå:	Fylkesrådmannen

Melding om fritt skuleval over fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland

Fylkestinget vedtok i desember 2014 i sak 76/2014 å opne for ei gjesteelevordning frå skuleåret 2015/16 med kjøp og sal av elevplassar for elevar frå kommunane Etne, Sveio, Stord, Bømlo, Kvinnherad og Odda i Hordaland og Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Sauda og Suldal i Rogaland. Søkjarane frå desse kommunane kan, i tillegg til fritt skuleval i eige fylke, fritt søkje til vidaregåande skular i desse kommunane i nabofylket. Fylkestinget i Rogaland fylkeskommune vedtok ei tilsvarande ordning.

Ordninga skal evaluerast etter eitt år. Det er ikkje eit klart vedtak på om evalueringa skal vere etter fyrste inntaksår eller etter fyrste skuleår. Fylkesrådmannen tek sikte på å evaluere ordninga våren 2016, eventuelt i samband med ei sak om framtidig inntaksmodell i Hordaland fylkeskommune. Inntaksmodellar og ordningar med gjesteelevar og kjøp av elevplassar frå andre fylke bør sjåast i samanheng. Ei sak våren 2016 vil også gje oss rom for å vurdere moglege konsekvensar av utfallet av høyringa om endringar i opplæringslova hausten 2015. Denne høyringa tek blant anna opp kor vidt søkjarar til vidaregåande skule skal ha rett til inntak i andre fylke, dersom fylka har ledig kapasitet.

Rogaland fylkeskommune har gjort kjent at det vil bli lagt fram ei sak for fylkestinget i desember 2015, med tilråding om at gjesteelevordninga med Hordaland fylkeskommune held fram. I tillegg kjem at dei første møta med grunnskulane og rådgjevarane om søking til vidaregåande skule for skuleåret 2016/17 startar opp allereie i november 2015. På bakgrunn av desse momenta og behovet for å sjå inntaksmodellar i heilskap, vil fylkesrådmannen vidareføre gjesteelevordninga vi har med Rogaland fylkeskommune for skuleåret 2016/17 utan at ordninga er evaluert og leggje fram ei sak om evaluering våren 2016.